



Årsmelding og resultatregnskap 2006. Budsjett 2007

INNTEKTER	2005	2006	Budsjett 2007
Norges Velforbund	24 000,00	24 000,00	28 800
Folkets Hus Landsforbund	24 000,00	24 000,00	28 800
LASS	8 400,00	8 400,00	10 080
Norske Lagsbruk	36 000,00	36 000,00	43 200
Kursinntekt Aust-Agder november 2006		7 500,00	20 000
SUM INNTEKTER:	92 400,00	99 900,00	130 880

KOSTNADER:

Møter	2 124,59	1 572,65	2000
Kontingent Frivillighet Norge	250	500,00	500,00
Stockholmtur. Fellesutg. hotell drosje/serv.		9 124,09	10 000
Konsulentkjøp politisk arbeid.	85 317,00	80 580,50	80 000
Kulturhusplan hon. Førde 10. mars		9 250,00	20 000
Kulturhusplan hon. Aust-Agder november		6 125,00	
Administrasjon Norske Lagsbruk	10 000,00	10 000,00	15 000
SUM KOSTNADER:	97 691,59	117 152,24	127 500
Resultat årets drift:	-5 291,59	-17 252,24	3 380

Etterbetaling/kompensert underdekning:

Norges Velforbund	1 374,44	4 481,10	0,00
Folkets Hus Landsforbund	1 374,44	4 481,10	0,00
LASS	481,05	1 568,37	0,00
Norske Lagsbruk	2 061,66	6 725,24	0,00
	5 291,59	17 252,24	0,00

Nettverk for organisasjonseigde kulturbygg (NOK) blei etablert den 9. juni 2005 med to hovudføremål:

1. Politisk interessefellesskap.
2. Praktisk tenesteapparat for lokale kulturbygg.

Nettverket ønskjer å auka fokus på det lokale kulturbygget som institusjon og å stimulera til lokalt, pragmatisk samarbeid.

Aktivitet:

- 09.01: Møte med statsråd Trond Giske i regi av Fellesforum for kulturorganisasjoner. Nils Seland møtte for NOK.
- 31.01-01.02: Arbeidsseminar på Kiel-båten.
- 10.03 Dagsseminar kulturbygg i Førde i samarbeid med kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Det møtte repr. for kulturetaten i dei fleste kommunane i fylket.
- 06.06 Nettverksmøte i Oslo. Møte med Ringen Forlag om Bingo-samarbeid.
- 04.09-06.09: Studietur til Stockholm. Våra Gårdar, Folkets Hus och Parkar og Bygdegårdarnas Riksförbund.
- 10.11 Dagsseminar kulturbygg i samarbeid med Aust-Agder barne- og ungdomsråd og NOKU i Aust-Agder.
- 06.12 Nettverksmøte på Bondeheimen, Oslo

Nettverket er innmeldt i Frivillighet Norge.

Rune Håndlykken er vår faste repr. overfor Stortinget og departementet.:

Arbeidet med spelemiddelsaka i NOK og UKB har bestått i å følge opp dei positive lovnadane regjeringspartia gav i "Kulturloftet". Rune Håndlykken representerer NOK i Utviklingsgruppa for kulturbygg (UKB) med Morten Berntsen (FHL) som vara. Særleg viktig i året har vore:

- 27.01: RH hadde orienteringsmøte med statsekretær Randi Øverland og politisk rådgjevar Hallvard Ingebrigtsen i Kultur- og kyrkjedepartementet.
- 03.04: Møte i Stortinget med Erling Sande (Sp) og Tove Karoline Knutsen (Ap), "storfraksjonen" i Familie- og kulturkomiteén med repr. for NOK og UKB.
- Juni-aug:UKB / NOK: Oversending forslag til til spelemiddelordning til politisk leiing i KKD. Oversendt 16. august etter fleire arbeidsmøte.
- 13.10: Kronikk i Nationen; spelemidlar og lokalkultur i statsbudsjettet.
- 19.10: Møte i Stortinget med Tove Karoline Knutsen (Ap), Erling Sande (Sp) og Magnar Bergo (SV) (storfraksjonen). Repr. for NOK / UKB.
- Desember 06: Initativ til brev frå NOK til fylkeskommunane om spelemiddelsaka. Sendt ut januar 2007.

Dei tre partia står fast på at lovnadene i "Kulturloftet" om vesentleg meir spelemidlar til lokale kulturbygg (ungdomshus) står ved lag. Dei beklagar at dei økonomisk ikkje greidde å starte opptrapping / snuoperasjon i budsjettet for 2007, men arbeider vidare med å "satse på en ordning som gjør at prosjektstøtten kan bli på samme nivå som til idrettsbygg. (Sitat kulturloftet)

I desember fekk fekk NOK støtte frå ein samrøystes Famile- og kulturkomite i Stortinget i samband med handsaminga av dokument 8-forslaget frå Venstre :

"Komiteen vil understreke betydningen av særlig å vie de lokale kulturhus som grendehus, forsamlingshus, speiderhus, klubbhus og lignende bygg, som i hovedsak er eiet av frivillige organisasjoner, oppmerksomhet. Det er behov for å sikre at slike bygg settes i forskriftsmessig stand og kan vedlikeholdes slik at de kommer vanlige brukere og de frivillige organisasjonene til nytte også i fremtiden."

Vi føler derfor at arbeidet med betre finansiering av dei organisasjonseigde kulturbygga gjennom spelemidlar til ombygging og utvikling har eit breiare politisk grunnlag i Stortinget enn nokon gong. No manglar berre gjennomføringa.

Det har vore 3 protokollerte samlingar i nettverket.

Leiar i nettverket er Einar Bjorbæk frå Norges Velforbund.

Norske Lagsbruk har hatt sekretariatsfunksjon og rekneskapsføring for NOK.

Oslo den 7. feb. 2007

Nils Seland

